



NORDHORDLAND TAXISENTRAL SA  
Kvassnesvegen 11  
5914 ISDALSTØ

Dato: 27.09.2018  
Vår ref.: 2015/3170-29  
Saksbehandlar: annvedv  
Dykkar ref.:

## Søknad om midlertidig overføring av drosjeløyve R-83 på Radøy

Me viser til e-post frå Norhordland Taxi (NHT) av 26.09.2018.

NHT søker om at drosjeløyve R-83 vert overført til sentralen i perioden 01.10.2018 til ny løyvehavar er på plass. Løyve skal driftast med bil med taksameter innleigd frå Bergen Taxi.

Overføring av eit drosjeløyve til anna rettssubjekt kan berre skje etter samtykke frå løyvestyresmakta, jf. yrkestransportforskrifta § 20. Slik overføring skjer hovudsakleg gjennom styrarordning etter yrkestransportforskrifta § 51, andre ledd, der løyvehavaren er midlertidig ute av stand til sjølv å driva drosjeverksemda.

Drosjeløyve R-83 er sagt opp grunna sjukdom. Det er såleis ikkje tale om styrarordning i vanleg forstand.

Løyvehavar kan ikkje drifta drosjeløyve R-83 i oppseiingstida på 3 månader, og drifta av R-83 opphøyrer 30.09.2018. Drosjeløyve R-83 er kunngjort ledig og søknadsfristen gjekk ut 22.09.2018. Det vil ta noko tid før ny løyvehavar er på plass. Opphøyr av drift på R-83 går ut over drosjetilbodet til publikum på Radøy.

Søknaden må etter fylkesdirektør samferdsel sitt syn, sidestillast med ein ordinær søknad om styrarordning etter yrkestransportforskrifta § 51, andre ledd, og fattar av transportmessige omsyn slikt

### vedtak:

*Løyvestyresmakta godkjenner at drosjeløyve R-83 med stasjonering på Radøy midlertidig vert overført til Nordhordland Taxisenetral som skal styra R-83 i perioden 01.10.2018 inntil ny løyvehavar er på plass, likevel ikkje lenger enn til 28. februar 2019.*

Vedtaket er fullt ut i samsvar med søknaden og kan ikkje påklagast.

Nytt løyvedokument vert utferda når gamalt løyvedokument for R-83 vert levert inn.

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Anne Vedvik  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*